

Tore Hufthammer
Hufthamar 60
5392 STOREBØ

Hufthamar 21.06.2023

94132750
tore@hufthamar.no
<https://hufthamar.no/ferjer-og-samferdsle-for-austevoll/>

Riksrevisjonen
Storgata 16
Postboks 6835
St. Olavs plass,
0130 Oslo

Ferjetilbodet til Austevoll i Vestland Fylke.

I 2015 tinga Austevoll kommune, [Helge Hopen](#) rapporten, denne konkluderte i 2015 med:

- Austevoll har hatt ein vekst på 10% i folketallet dei siste 5 åra, og innbyggjartalet er venta å stige ytterlegare 30% dei neste 15-20 åra.
- Austevoll har eit næringsliv som har høgast verdiskaping pr. sysselsett i Hordaland og som ligg 62% høgare enn landsgjennomsnittet. Innpendlinga til kommunen har auka med gjennomsnittleg 11% kvart år sidan år 2000.
- Medan trafikkveksten på vegnettet i Hordaland har auka med ca. 7 % dei siste 6 åra, har trafikkauken på sambanda til Austevoll auka med 19% (Krokeide-Hufthamar) og 27% (Husavik-Sandvikvåg).
- Utviklinga i folketal, næringsutvikling og pendling tydar på at veksten vil halde fram i åra som kjem.
- Ferjetilbodet (frekvens) på Krokeide – Hufthamar ligg i dag vesentleg lågare enn på andre ferjesamband i fylket med tilsvarande trafikkmengd. Trafikken på desse sambanda har alternative køyreruter. Det har ikkje Austevoll.

Etter at denne rapporten kom har utviklinga rapporten synte, haldt fram.

Eit eksempel er at Hufthamar – Krokeide har betydeleg dårlegare rutetilbod enn eit landfast samband, Skjersholmane – Ranavik, som har 40 % mindre trafikk.

Når me etterspør kva retningsliner ein har, får ein ikkje svar. Einaste svaret ein har fått er at rutene til ferjene er styrt etter historiske perspektiv.

På nettsida til: [Hovudutval for samferdsel og mobilitet](#) står det at: **Utvalet har ansvar for å sikre at innbyggjarane og næringslivet har eit transportsystem som gjev miljøvenleg og trygg transport, tilstrekkeleg mobilitet og tilgjenge til viktige reisemål.**

Dette utvalet utøver ikkje det ansvaret dei er sett til. Begge sambanda i Austevoll, Hufthamar – Krokeide og Husavik Sandvikvåg har dårlegare rutetilbod enn det trafikkgrunnlaget tilseier. Austevoll som er Noregs mest folkerike kommune i landet, utan fastlandsforbindelse, må få rutetilbod styrt etter objektive kriteria og ikkje etter kor fylkestingpolitikarane bur, dette er dessverre sanninga i dag, fleire og fleire politikarar stadfestar at det er slik. Slik kan me ikkje hadet i 2023.

NAF avdeling Bergen og omegn, har som årsmøtesaker, i 2022 og 2023 tatt dette opp med utvalet. I saksframlegget var ingen av punkta under nemnd, på trass av at det stod i saka som NAF altså ved 2 høve har spelt inn, saman med mange andre. Når ein først tar saka opp, tar ein ikkje med dei viktigaste kriteria i saka som:

- Trafikkmengd, på ferjestrekningane i Vestland.
- Austevoll har ikkje alternative køyreruter.
- Austevoll stengjer 22:35 ut av kommunen kvar dag.
- Hufthamar - Krokeide er det største fylkesvegferjesambandet i Vestland, men har lang frå det beste rutetilbodet i frekvens eller opningstid.
- Austevoll er den mest folkerike kommunen i landet utan fastlandsforbindelse.
- Hufthamar – Krokeide har betydeleg dårlegare rutetilbod enn eit landfast samband med 40% mindre trafikk.
- I 2015 kom Helge Hopen rapporten som synte at Austevoll allereie då var akterutseglt i ferjetilbodet, med blick på frekvens og opningstid.

Austevoll kan ikkje lengre lida under at hovudutval for samferdsle og mobilitet, ikkje gjer den jobben dei er sett til. Ein kan ikkje forvalta eit budsjett på 1,1 milliardar kroner utan retningslinjer. Riksrevisjonen må straks ta tak i dette. Det kan og må ikkje være heimstads adressa til fylkestingspolitikarane som styrer ferjerutene. Objektive kriteria, må være retningslinjer til ferjerutene våre. Først og fremst trafikktalet og om eit samband er landfast eller ikkje.

Det same utvalet, (og tilsvarande utval i Hordaland) har snart brukt 20 år på ein objektiv prisstruktur for hurtigbåt. Prisen varierer med **600%** for same segla distanse. Utvalet ser heller ingen urettferdigheit i at Austevoll er einaste kommune i gamle Hordland som ikkje kan reise gratis inn i annan kommune med kollektivtransport.

Meir informasjon om den lange kampen for at ein skal følgja likebehandlingsprinsippet finn de her: <https://hufthamar.no/ferjer-og-samferdsle-for-austevoll/>

Med helsing Tore Hufthammer.